

**Fra:** Merethe Tvedt  
**Sendt:** fredag 6. mai 2022 12:41  
**Til:** Christel.Mellingen@opus.no  
**Kopi:** Tov Røynealand; Johannes Sverdrup  
**Emne:** VS: Detaljregulering for del av Mjåtveitmarka- B7

Hei Christel,

Eg har sett gjennom det, og har nokre ting dere må endre.

Slik eg forstår det så tenker dere at det er først ved utarbeiding av miljøplanen som er sikra i føresegn 3.2 d) at ein ser om ein treng denne fangdammen som er illustrert i figur 5 sør vest i planområdet, og vidare derfrå grøftene og siltduken.

Notatet skriv dette:

**For å redusere risiko for at vasskvaliteten i Mjåtveitelva skal bli negativt påverka, legg føresegnene opp til at partikkelforureining skal haldast på eit lågast mogeleg nivå både i anleggs- og driftsperioden.**

Dette har dere fulgt opp med rekkefølgekrav i føresegn 6.2:

- a. Før det kan gjevast byggjeløyve, må det utarbeidast ein plan som skildrar aktuelle sikringstiltak for handtering av forureina avrenning/overvatn (i driftsfasen) mot Mjåtveitelva og Mjåtveittjørna **med særskilt omsyn til vern av elvemusling.**

Og føresegn 3.2d) sikrar at det blir utarbeida ein miljøplan med desse vurderingane:

- a. **Ved innsending av rammesøknad skal det utarbeidast ein miljøplan med tiltak og prosedyrar som skal sikra at nedbørsfelta som drenerer mot Mjåtveitelva ikkje blir forureina. Planen skal vise korleis Mjåtveitelva og elvemuslingane der skal vernast mot forureining i anleggsfasen. Planen skal og innehalde rutinar for prøvetaking av overvatn, og den skal ha ein tiltaks- og beredskapsplan som skal redusere konsekvensar og omfang ved eit gitt uhell. Planen må og gje føringar for kor mykje arbeid som kan utførast i periodar med store nedbørsmengder. Handsaming av anleggsvatn, med avskjerande grøfter må og inngå i planen, samt korleis ein kan gjennomføre planen ved hjelp av til dømes fangdammar, siltduk, m.v. og omsynsfull plassering av lausmassar.**

Mine vurderingar:

Tilbakemeldinga frå Statsforvaltar var at planen må sikre at det ikkje blir avrenning til elva med avbøtande tiltak som er sikra i føresegnene til planen, og ikkje utsette desse til byggesak.

Når det gjeldt *notatet 2022 avrenning del av Mjåtveitmarka* les eg det slik at det *skal* uansett byggast fangdam i området for bruk i utbyggingsperioden, -men at det ved behov også kan bruke den ein periode fram i tid. Føresegnene må difor endrast slik at ein sikrar etablering av fangdammen, og grøftene i samsvar med det som står i notatet, som eit rekkefølgekrav før rammeløyve.

Utdrag frå Notat avrenning.: **«For bruk i utbyggingsperioden, og – dersom behov – ytterlegare ein periode fram i tid, skal det også etablerast ny fangdam i sørvestre del av planområdet. Dammen skal plasserast kring dagens løp like oppstrøms partiet kor vassløpet går i nedgraven røyr under bustader som ligg på**

ylling (figur 5). Fangdammen byggjast i samsvar med Nibio sine tilrådingar».

Eg meiner føresegna om at det skal utarbeidast ein miljøplan, med vidare beskrivelse på kva den skal innehalde og rutinar for korleis ein skal følgje den opp, framleis skal stå.

Og sidan det kan vera vanskeleg å vite alle tiltak som må til på noverande tidspunkt for å sikre avrenninga, så er eg einig med at detaljar kan vente til miljøplanen er utarbeida, før det blir gitt rammeløyve (slik dere skriv i føresegn 3.2 d).

· Men dei avbøtande tiltaka dere alt har funne ut at må til (som står i notatet 2022 avrenning del av Mjåtveitmarka, fangdam, grøfter, siltduk m.m.), må forankrast i føresegnene no. Det er då først vi imøtekjem motsegna frå Statsforvaltar, som etterlyser kva konkrete tiltak som blir gjort i planen som hindrar avrenning.

I tillegg vil eg at

· det til denne føresegna tar på ein setning om at miljøplanen skal godkjennast av rett mynde.  
· For at miljøplanen skal blir følgt opp, må det også tas inn eit rekkefølgekrav i føresegnene med ein ordlyd om at tiltaka som er skissert i miljøplanen må følges. Og at miljøplanen skal godkjennast av rett mynde.

· Eksisterande fangdam, ikkje operativ

Eg har fått informasjon frå landbruksavdelinga om at den eine fangdammen som det vert vist til i notatet (som ligg lengst nord) ikkje er operativ pr. no. Her må vi drøfte med landbruk i Alver og Statsforvaltar kva som må til, og om evt. denne nye dere etablerer kan vera tilfredsstillande for utbygginga.

Om noko er uklart, gi ein lyd så kan vi snakkast.

Hadde håpt å fått til eit møte med Statsforvaltar snart, men kan ikkje be om møte før vi har fått dette inn i føresegnene.

Høyrer frå deg.

Med venleg helsing

**Merethe Tvedt** | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 56 17 11 82

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



---

**Fra:** Christel Mellingen <[Christel.Mellingen@opus.no](mailto:Christel.Mellingen@opus.no)>  
**Sendt:** tirsdag 26. april 2022 12:42  
**Til:** Merethe Tvedt <[merethe.tvedt@alver.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** Tov Røynealand <[tov@opus.no](mailto:tov@opus.no)>; Johannes Sverdrup <[Johannes.Sverdrup@opus.no](mailto:Johannes.Sverdrup@opus.no)>  
**Emne:** VS: Detaljregulering for del av Mjåtveitmarka- B7

Hei Merethe,

Jeg viser til e-post under. Nå har vi som avtalt redigert bestemmelsen i henhold til dine innspill, se § 3.2 bokstav d) i reguleringsbestemmelsene, se vedlegg.

Som utgangspunkt for endringene har vi brukt utdraget fra VA-rammeplanen som du sendte, og notat datert 11.03.2022 av Ole Kristian Spikkeland (Opus).

Gi meg en lyd om du tenker at det er noe som bør endres eller noe mer som bør tas inn i bestemmelsen.

Jeg vet ikke om du har mottatt det siste notatet som jeg refererer til over. Jeg legger det for ordens skyld ved denne e-posten.

Hører fra deg.

Mvh

**Christel Mellingen**

+47 908 84 288



---

**Fra:** Tov Røynealand <[tov@opus.no](mailto:tov@opus.no)>  
**Sendt:** mandag 25. april 2022 09:13  
**Til:** Christel Mellingen <[Christel.Mellingen@opus.no](mailto:Christel.Mellingen@opus.no)>; Johannes Sverdrup <[Johannes.Sverdrup@opus.no](mailto:Johannes.Sverdrup@opus.no)>  
**Emne:** VS: Detaljregulering for del av Mjåtveitmarka- B7

T.o

**Tov A. Røynealand**

+47 906 68 982



---

**Fra:** Merethe Tvedt <[merethe.tvedt@alver.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@alver.kommune.no)>  
**Sendt:** onsdag 2. februar 2022 14:19  
**Til:** Marte Førsund Saanum <[Marte.forsund.saanum@opus.no](mailto:Marte.forsund.saanum@opus.no)>; Tov Røynealand <[tov@opus.no](mailto:tov@opus.no)>  
**Emne:** VS: Detaljregulering for del av Mjåtveitmarka- B7

Hei,

Vi har gjennomgått planmateriala etter at dere omarbeida dei ut i frå tilbakemelding frå Statsforvaltar (datert 02.11.2021) for detaljplan for del av Mjåtveitmarka – B7.

I skrivet påpeikte Statsforvaltar at vurdering og sikring av dei nasjonalt viktige naturmangfaldverdiane i Mjåtveitmarka, ikkje vurderer verknadene av elvemuslingane i Mjåtveitelva godt nok etter naturmangfaldslova § 8 og forvaltningslova § 17. Og at notatet var for generelt og ikkje tok stilling til kva verknad tiltaka i dette planområdet ville og kunne få på elvemuslingen i Mjåtveitelva. Vidare at det ikkje var opplyst kva avbøtande tiltak som var er naudsynte, eller kva verknad tiltaka kan få, og eventuelt kva avbøtande tiltak som er naudsynte.

Til sist skriv dei at føresegna som då var foreslått § 6.2 ikkje sikrar godt nok elvemuslingane i Mjåtveitelva. Og at dei må sikrast i direkte i føresegnene til reguleringsplanen og ikkje i byggesak. Statsforvaltar skriv at dei skal ha beskjed om kommunen vel å ta planen opp til 2. gongshandsaming utan revidering (slik at dei kan komme med ny uttale/motsegn).

Vi ser at dere no har utbeta rapporten og notat om avrenning til Mjåtveitelva i forslag til detaljplanen for del av Mjåtveitelva, B7. Dere skriv at det bør nyttast fiberduk mot vasstrengen til elva, og til Mjåtveittjerna i notatet. I tillegg til at det blir lagt opp til fangdammer. I VA rammeplanen anbefaler dere å etablering av fordrøyningsmagasin. Vidare skriv dere at dette er fulgt opp i reguleringsføresegnene. I føresegnene er det eit rekkjefølgjekrav om at ein plan som dokumenterer korleis dette er sikra skal vera på plass før IG (pkt. 3.2d) og vidare omtalt i føresegner at skal ivareta kast.

#### § 3.2 Dokumentasjon til byggemelding

- a) Ved innsending av rammesøknad for felt BKS 1 - 3 og BFS skal det leggjast ved situasjonsplan for kvart byggeområde med løysing for; utomhus, felles leikeareal, minste uteopphaldsareal (MUA), universell tilgjenge, avkøyrslar, parkering, snu-moglegheit, gangveg/stiar, eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, tilhøve til omgjevnader, murar, trapper, skjeringar/fyllingar, gjerder, støyskjermingsiltak, nettstasjon og veglys.
- b) Ved innsending av byggemelding skal det leggjast ved ei skriftleg utgreiing som viser korleis intensjonane i planen vert følgd.
- c) Ved innsending av byggemelding skal det føreliggja dokumentasjon på at det er inngått eigen avtale med Alver kommune for overtaking av VA-anlegg.
- d) Før igangsetjing av grunnarbeid skal det dokumenterast ein plan for korleis Mjåtveitelva og elvemuslingane der, skal vernast mot forureining i anleggsfasen. Eksempelvis med bruk av fangdammar, siltduk mv og omsynsfull plassering av lausmassar.

Dette er eit bra utgangspunkt, og fint at dere har sikra dette i rekkefølgebestemmelsene. Eg trur likevel vi ikkje er heilt i mål med å imøtekomma motsegna enno. Dette fordi føresegnene utsett utgreiing og dokumentasjon til byggesak og igangsetting. Og Statsforvaltar har bedt om å vera konkret på tiltaka i planen.

#### Framdrift:

Som tidlegare nemnd er Alver kommune i gang med å utarbeide ein tiltaksplan for vassdraget, men sidan den ikkje er ferdig må detaljplanen for B7 gjere heile utgreiinga for kva påverknad denne utbygginga har for elvemuslingen (Vi ser for oss å ha ein overordna plan som vil kunne nyttast som grunnlag i vidare detaljplan, når tiltaksplanen er på plass).

Difor er det lite vi kan bruke frå dette arbeidet som pågår om tiltaksplanen pr. no, men det som vi ser vi kan bruke er at vi har ein pågåande detaljplan i området som har gjort same utgreiinga som B7 er pålagt. Den har også fått ny vurdering av Statsforvaltaren, der Statsforvaltar har uttalt at dei vurderingane og avbøtande tiltaka som er foreslått er gode nok til at vi kan fortsette planlegginga fram mot

2.gongshandsaminnng. Forslagsstillar der heldt no på å sikre dette i reguleringsføresegnene, VA-rammeplan og planmaterialet forøvrig.

Nedanfor kjem eit utklipp frå korleis dei tenker å forme reguleringsføresegnene i denne detaljplanen, og som du ser så er dei no meir konkret i skildringa, noko som Statsforvaltar tidlegare har etterlyst i deira planmateriell, og etterlyser i dykkars. Dei legg opp til at det skal utarbeidast ein Ytre miljøplan. Den blir knytt opp med rekkefølgekrav før, i og i driftsfasen til bustadfeltet, sjå nedanfor:

*Det er utarbeida en VA-rammeplan som skisserer flere tiltak for å hindre avrenning til Mjåtveitelva:*

*Før anleggsperioden:*

*- Det skal utarbeides Ytre miljøplan, med tiltak og prosedyrer som skal sikre at nedbørsfeltene som drenerer mot Mjåtveitelva ikke blir forurenset - Rutiner for prøvetaking av overvann må utarbeides - Det skal utarbeides en tiltaks- og beredskapsplan som skal redusere konsekvenser og omfang ved et gitt uhell. Håndtering av anleggsvann, med avskjærende grøfter må inngå i planen. - Det skal utarbeides masselagringsplan som skal sikre at egnete masser, som kan brukes igjen i boligfeltet, blir plassert med sikker avstand til hovedakser for avrenning mot vassdrag.*

*I anleggsperioden:*

*- Utbygger og grunnentreprenør må ta hensyn ved bruk av kjemikalier og oljeholdig væske. Forurenset overvann/anleggsvann skal ikke føres mot vassdrag. - Drivstofftanker skal sikres slik at det ikke er fare for at anlegget kan forurense nedbørsfeltet. Tanker sikres med oppsamlingskar slik at eventuelle uhell ikke fører til forurensing av overvann som renner mot vassdraget. - Graving av avskjærende grøfter for å lede anleggsvann kontrollert mot fangdam. - Redusere anleggstid som gravearbeide og masseutskifting blir utført, samt revegetere arealet omgående etter ferdigstilling. - Det må ikke utføres grave- sprenging- og masseutskiftingsarbeid i perioder med store nedbørsmengder. Planlegging av anleggsarbeid må ta hensyn til værforhold. Areal som blir gravd av samtidig må holdes avgrenset for å hindre ukontrollert avrenning av anleggsvatn. - Ta vannprøver etter utarbeidet rutine.*

*I driftsfasen for boligfeltet:*

*- Overvann i boligfeltet skal håndteres med fordrøyingsmagasin, som lukka anlegg i kummer, rør eller lignende eller i åpne dammer. Fordrøyingsmagasin vil ha en renseeffekt for overvannet og hindre at partikler blir ført videre med overvannet til vassdraget. - Grøntareal vil bli dekt av vegetasjon og hindre utvasking av finstoff og erosjon, som kan føre til transport av løsmasser til vassdraget. - Fangdam opprettholdes i nedre del av boligfeltet. Areal kan reduseres i forhold til anleggsperioden.*

Eg tenker at vidare framdrift for B7 er at dere spesifiserer meir tiltaka som er tenkt. Sjå gjerne til dette som er gjort over, sjølv om denne planen har vurdert at avrenninga deira har direkte påverknad for elvemuslinga. Så ser vi gjennom det, og tar ein dialog med Statsforvaltar på det.

Vi kan gjerne snakkast på telefon/teams om noko er uklart.

**MeretheTvedt** | Rådgevar planforvaltning

Telefon: 56 17 11 82

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

